



Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 16/3228-1

## **Regionreforma – status og framdrift**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet tek føreliggjande orientering om det pågående regionreformarbeidet til vitande.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram dialogen og eit felles utgreiingsarbeid med Hordaland og Rogaland for å vurdere moglegheitene for ein intensjonsplan, sjølv om Møre og Romsdal så langt ikkje har respondert på førespurnaden frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane.
3. Fylkesutvalet er innforstått med at arbeidet vidare vert organisert slik:
  - a) Fylkesrådmannen/fylkesrådmennene står for føresett utgreiing.
  - b) Det vert etablert ei politisk styringsgruppe og eit forhandlingsutval.
  - c) Fylkesutvalet vert politisk styringsgruppe. Gruppa vil bli laupande informert, og vil kunne kome med innspel og føringar undervegs i den vidare prosessen.
  - d) Det vert oppnemnd eit forhandlingsutval samansett av fylkesordførarar, fylkesvaraordførarar, ein representant frå den politiske opposisjonen og fylkesrådmannen. Dei hovudtillitsvalde vert inviterte til å delta med ein representant i forhandlingsutvalet.
  - e) Forhandlingsutvalet skal, basert på utarbeidd utgreiing, sjå om det er grunnlag for å kome fram til ein felles intensjonsplan med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.
  - f) Ein eventuell intensjonsplan må godkjennast i fylkestinget hausten 2016.

### Vedlegg:

1. Fylkesordføraren sin førespurnad til Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal (19.01.2016).
2. Forventningsbrev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (15.03.2016).
3. Referat frå møte mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar (29.03.2016).

### Andre relevante dokument som ikkje ligg ved:

1. Invitasjon til å delta i reformprosessen. Brev frå kommunalministeren, datert 02.07.2016.
2. Fylkestingssak 65/2015 i Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma».
3. Fylkesordførarkolleget si faggruppe (2014): «Oppgavefordeling ved en kommune- og regionreform».
4. Regjeringa sitt ekspertutval (2014): «Kriterier for god kommunestruktur».
5. St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» vart fylkeskommunane 02.07.15 inviterte til å vurdere om det er aktuelt å slå seg saman med nabofylke. I invitasjonen frå KMD er det presisert at eit fleirtal i Kommunal- og forvaltningskomiteen støttar regjeringa sitt framlegg om at det regionale folkevalde nivået skal utviklast gjennom oppgåver og ansvar som styrkar rolla som samfunnsutviklar og rolla som tenesteprodusent. Komiteen støttar også at nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået føreset færre fylkeskommunar/regionar. Fylkeskommunane er oppmoda om å vedta ev. strukturendringar innan utgangen av 2016.

Kommunal- og moderniseringsministeren har vinteren 2016 varsla ei stortingsmelding knytt til regionalt fokevalt nivå og fordeling av oppgåver. Meldinga vart lagt fram 05.04.16, og gjev grunnlag for handsaming både i fylkeskommunane, i kommunalkomiteen og i Stortinget som heile. Saka om kommune- og regionreform skal slutthandsamast i Stortinget vårsesjonen 2017.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har alle handsama sentrale spørsmål knytt til regionreforma. I Sogn og Fjordane gjorde fylkestinget 09.12.15 vedtak om at ein ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet. Fylkestinget i Rogaland gjorde 01.03.16 vedtak om at ein er positiv til ein innleiande naboprat med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agder-fylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida region. I Hordaland oppnemnde fylkestinget 09.03.16 eit forhandlingsutval med mynde til å setje i verk samtalar med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

Fylkesrådmannen ønskjer i denne saka å orientere fylkesutvalet om regionreformarbeidet som er i gang i Sogn og Fjordane og på Vestlandet, og gjer samstundes framlegg om organisering av det vidare arbeidet.

### 2. Bakgrunn for saka

#### Kommune- og regionreforma: Køyreplan og prosessen så langt

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er fleirtal på Stortinget for at vi også i framtida skal ha tre folkevalde nivå, men at oppgåvedelinga mellom nivåa samt kommune- og regiongrensene er oppe til vurdering. Kommunane skal gjere vedtak knytt til ev. samanslåingar innan 01.07.16. Fylkeskommunane er oppmoda om å gjere tilsvarande vedtak innan utgangen av året. Regjeringa tek sikte på å leggje fram forslag til ein ny kommune- og regionstruktur for Stortinget våren 2017. Samanslåingar som vert vedtekne av Stortinget skal tre i kraft 01.01.2020. Den politiske samansetjinga i dei nye einingane vert fastsett gjennom kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019.

Så langt har kommune- og regionreforma vore forma gjennom følgjande milepelar:

- 14.05.2014 Kommuneproposisjonen for 2015 vart lagt fram for Stortinget. I ein eigen meldingsdel presenterte regjeringa rammene for kommunereforma.
- 12.06.2014 I samband med Stortinget si handsaming av kommunereforma gav Kommunal- og forvaltningskomiteen følgjande tilråding:  
*Stortinget ber regjeringen gjennomgå oppgavene til fylkeskommunene/ et regionalt nivå*

*parallelt med arbeidet med å gi flere oppgaver til kommunene. Dette kan gjøres med utgangspunkt i en sammenstilling fra tidligere utredninger. Stortinget imøteser en melding til Stortinget om dette våren 2015.*

- 18.06.2014 Stortinget vedtok komiteen si tilråding.
- 03.07.2014 Regjeringa gav Fylkesmannen i oppgåve å ta ei sentral rolle i gjennomføringa av kommunereforma, men ikkje i regionreformdelen. Regjeringa inviterte samstundes KS til å delta aktivt i eit samarbeid om gjennomføringa regionalt.
- 18.08.2014 Kommunal- og moderniseringsdepartementet starta eit utgreiingsarbeid av eit regionalt folkevalt nivå som del av kommunereforma.
- 01.12.2014 Regjeringa sitt ekspertutval la fram sluttrapporten om kriterium for ein god kommunestruktur.
- 05.12.2014 Fylkesordførarkollegiet og KS sitt hovudstyre (12.12.14) vedtok samstemde uttalar i høve oppgåvefordeling m.m. ved ei ev. regionreform basert på eigne utgreiingar.
- 20.03.2015 Regjeringa la fram St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».
- 12.05.2015 Kommuneproposisjonen for 2016 vart lagt fram for Stortinget.
- 02.07.2015 Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende ut ein formell invitasjon til alle fylkeskommunar om å ta del i kommune- og regionreformprosessen.
- 09.12.2015 Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok å starte dialog med andre vestlandsfylke.
- 01.03.2016 Fylkestinget i Rogaland vedtok å starte dialog med andre vestlandsfylke (+ Agderfylka).
- 09.03.2016 Fylkestinget i Hordaland vedtok å starte dialog med andre vestlandsfylke.

### **3. Status for regionreformarbeidet på Vestlandet**

#### **Fylkestingsvedtaka**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama 09.12.15 si sak og gjorde då slikt vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet.
2. Eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslutningar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelsløysing at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.
4. Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdelsregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.
5. Dersom ein folkevald landsdelsregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dagens norske forvaltningsmodell.

Fylkestinget i Rogaland handsama 01.03.16 ei tilsvarende sak, og gjorde for sin del slikt vedtak:

1. Rogaland fylkeskommune er positiv til innledende naboprat med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylkene med mål om å forhandle fram en intensjonsavtale for en utvidet region.
2. Under følgende forutsetninger innledes det forhandlingar med sikte på utvidet formalisert samarbeid eller etablering av nye regioner:

- a. Stortinget i juni 2016 delegerer oppgaver til det regionale nivået med et omfang og en karakter som er på nivå med det fylkestinget vedtok i februar 2015.
  - b. At nye oppgaver blir knyttet opp mot rollene som samfunnsutvikler og tjenesteprodusent.
  - c. Dagens grenser til fylkeskommunene ikke er førende eller begrensende for nye regioner.
  - d. Statlig inndeling følger den nye regionale inndelingen.
3. Uavhengig av Stortings vedtak i juni 2016 gjennomføres det våren/sommeren 2016 et utredningsarbeid av mulige samarbeidskonstellasjoner mellom de nevnte fylkeskommuner. En slik utredning må også ta opp i seg en sammenlignende vurdering av dagens oppgaveportefølje og geografiske inndeling.
4. Fylkesutvalget holdes løpende orientert om dialogen mellom fylkeskommunene. Intensjonsavtalen skal godkjennes av fylkestinget.

Fylkestinget i Hordaland handsama 09.03.16 ei tilsvarende sak og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjoner mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget. Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.
2. Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

Forhandlingsutval:

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) Vara: Steinung Valle (A)

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF) Vara: Benthe Bondhus (Sp)

Opposisjonen Terje Søviknes (FrP) Vara: Mona R. Strømme (H)

Fylkesrådmann Rune Haugsdal Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal

Hovudtillitsvald: ..... Vara: .....

Politisk styringsgruppe:

Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt.

Vara møter ved forfall.

### **Drøfting mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar**

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar orienterte 15.03.16 Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité i eit eige forventningsbrev om at det er innleia drøftingar for å sjå på moglegheiter og utfordringar ved ei sammsslåing (jf. vedlegg 2). Fylkesordførarane varsla gjennom brevet at fylkeskommunane stiller tydelege krav om overføring av nye, tunge samfunnsoppgåver dersom ei regionreform skal realiseras.

Brevet signaliserte at det vert sett som vilkår at Stortinget vedtek ei reform der det regionale folkevalde nivået får eit betydeleg ansvar for både utviklingsorienterte oppgåver og oppgåver innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar. I tilknyting til Stortinget si handsaming av regionreforma, vil fylkeskommunane spele inn framlegg til overføring av konkrete oppgåver og ansvarsområde.

## Viktige fellesprinsipp for vestlandsfylka

Dei tre fylkeskommunane legg *generalistprinsippet* til grunn for regionreforma. Alle fylkeskommunar/regionar bør, uavhengig av innbyggartal, busetnadssstruktur og demografiske forhold, imøtekome same krav til tenester, planleggings- og utviklingsoppgåver, rolla som myndighetsutøvar og ivaretaking av demokratiske funksjonar. Einskapleg oppgåvefordeling medverkar til eit likeverdig lokalt sjølvstyre, og samstundes til ei oversiktleg offentleg forvaltning for innbyggjarane – ein premiss for demokratiet.

Fylkesordførarane meiner at regionreforma må vere ei *demokrati- og desentraliseringsreform*. Eit viktig prinsipp er at ein flyttar makt og ansvar til større regionar, som gjennom dette vert meir handlekraftige og sjølvstendige i høve samfunnsutviklinga. Målet er eit lokal- og regionaldemokrati som ivaretak velferd og sikrar utvikling, verdiskapning og trivsel for heile regionen basert på vår lokale og regionale kunnskap.

## Dagens fylkeskommunale oppgåver

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar er samde om å framheve sentrale funksjonar som bør vere i sentrum når framtidig rolle og oppgåveportefølje skal fastsetjast. Også i framtida bør fylkeskommunane ivareta rollene som tenesteytar, forvaltningsorgan, regional utviklingsaktør og direkte folkevalt organ. I dette biletet bør dagens kjerneoppgåver førast vidare med den demokratiske meir-verdien eit direkte folkevalt regionalt organ tilfører desse tenesteområda:

- Vidaregåande opplæring
- Samferdsle (veg- og kollektivtrafikktibodet)
- Kultur
- Regional utvikling og planlegging
- Næringsutvikling

Fylkesordførarane meiner særleg vidaregåande opplæring og samferdsle utgjer omfattande samfunnsoppgåver som begge er for krevjande for kommunane å handtere. Oppgåvene krev ei spesialisert regional koordinering og leiing, og vil samstundes vere for detaljerte og arbeidskrevjande å styre direkte frå statleg nivå. Dette synet samsvarer med Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», der Stortinget slo fast at det regionale folkevalde nivået framleis bør ha hand om desse oppgåvene.

Tre andre viktige samfunnsoppgåver, som også er i spel, er styringa av Innovasjon Noreg, ansvaret for den offentleg tannhelseteneste og fagskuleutdanninga. Fylkesordførarane vurderer grepa som er føreslagne for desse områda til ikkje å vere i tråd med ei reell demokrati- og desentraliseringsreform.

## Oppgåveforventningar – nye samfunnsoppgåver som reformpremiss

Utgreiinga fylkesrådmennene er i gang med vil utgjere eit nødvendig kunnskapsgrunnlag for ein ev. vidare politisk prosess fram mot ein mogleg intensjonsplan. Utgreiinga tek utgangspunkt i at kjernen i fylkeskommunen sitt ansvar er å ivareta tenesteproduksjonen og skape ei heilskapleg og ønskt samfunnsutvikling for lokalmiljø og regionar. Både utviklingsarbeid og tenesteproduksjon handlar om å sjå koplingar mellom sektorar og å utvikle strategiar for å fremje den samfunnsutviklinga vi ønskjer i regionane. Ein Vestlandsregion vil, slik fylkesrådmannen ser det, på same måten ha ambisjonar om å utvikle og forme Vestlandet som region, og vil samstundes tilpasse seg og samordne nasjonal politikk.

I Noreg er det behov for eit sterkt regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning. Fylkesordførarane meiner at det regionale nivået difor bør ha eit klart definert ansvar for oppgåver og sektorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordning av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemde.

Fylkesordførarane varsla difor i brevet til KMD 15.03.16 at ein forventar at ein Vestlandsregion m.a. får tilført oppgåver og ansvar innanfor følgjande område:

- Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar.
- Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet.
- Kjøp av regionale jernbanetenester.
- Deler av Noregs forskingsråd sine programområde.
- Konsesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvalting.
- Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane.
- Regionale miljøvern- og landbruksforvalningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn.
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar.

Dei tre fylkesordførarane meiner i tillegg dei statlege høgskulane bør vurderast overførte til regionane.

Dei meiner det også bør greiast nærmare ut i kva grad ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane.

Dei signaliserer vidare at det tener den norske forvaltningsmodellen at staten i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som vert etablert.

#### **Stortingsmelding om det framtidige regionale folkevalde nivået (jf. St.meld. 05.04.16)**

Kommunal- og moderniseringsministeren har vinteren 2016 varsla ei stortingsmelding knytt til regionalt fokevalt nivå og fordeling av oppgåver. Meldinga vart lagt fram 05.04.16, og gjev grunnlag for hand-saming både i fylkeskommunane, i kommunalkomiteen og i Stortinget som heile.

Denne saka vart ferdigstilt før nemnde stortingsmelding låg føre. Fylkesrådmannen vil difor vurdere å leggje fram (ettersending) eit tilleggsnotat som gjev eit bilet av innhaldet i denne meldinga.

## **4. Konklusjon: Framdrift og organisering for regionreformarbeidet**

### **Aktivitetar etter fylkestinget sitt vedtak 09.12.16**

Etter fylkestinget sitt vedtak 09.12.15, har det vore to innleiande drøftingsmøte mellom dei tre fylkeskommunane leia av fylkesordførarane:

- |            |  |
|------------|--|
| 11.03.2016 | Møte mellom fylkesordførarane, fylkesvaraordførarane og fylkesrådmennene i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane.                              |
| 29.03.2016 | Møte mellom fylkesordførarane, fylkesvaraordførarane og fylkesrådmennene i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, sjå referat - jf. vedlegg 3. |

Møta har vore mellom dei tre fylkeskommunane, då Møre og Romsdal så langt ikkje har respondert på førespurnaden frå fylkesordføraren om å delta i eit felles utgreiingsarbeid. Fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane og Rogaland legg etter desse møta opp til at fylkesutvala i dei respektive fylkeskommunane (13.04. og 19.04.) gjer vedtak om oppretting av politisk styringsgruppe og forhandlingsutval slik ein har gjort i Hordaland. Fylkesrådmannen rår såleis i denne saka til at arbeidet knytt til regionreforma i Sogn og Fjordane fylkeskommune framover vert organisert slik:

- a) Fylkesrådmannen/fylkesrådmennene står for føresett utgreiing.
- b) Det vert etablert ei politisk styringsgruppe og eit forhandlingsutval.

- c) Fylkesutvalet vert politisk styringsgruppe. Gruppa vil bli laupande informert, og vil kunne kome med innspel og føringar undervegs i den vidare prosessen.
- d) Det vert oppnemnd eit forhandlingsutval samansett av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, ein representant frå den politiske opposisjonen og fylkesrådmannen. Dei hovudtillitsvalde vert inviterte til å delta med ein representant i forhandlingsutvalet.
- e) Forhandlingsutvalet skal, basert på utarbeidd utgreiing, sjå om det er grunnlag for å kome fram til ein felles intensjonsplan med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.
- f) Ein eventuell intensjonsplan må godkjennast i fylkestinget hausten 2016.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å klargjere *arbeidsdelinga* mellom den politiske styringsgruppa og forhandlingsutvalet. Den politiske styringsgruppa bør overlate den politiske styringa av prosessen til forhandlingsutvalet når vi har ei avklarande og gjennomarbeidd fellesutgreiing å legge i botnen for konkrete forhandlingar om t.d. vår arbeids- og funksjonsdeling med Rogaland og Hordaland (og ev. statleg nivå). På dette tidspunktet vil det truleg også vere kjent kva for oppgåver og ansvarsområde Stortinget vedtek å overføre til det framtidige regionale, folkevalde nivået.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune har vald å ta det einaste partiet som der ikkje sit i fylkesutvalet (Rødt) med i styringsgruppa. I Rogaland er det pr. dato ikkje avgjord om ein vil gjere tilsvarende, men det er semje om at dette må avgjerast i det einskilde fylket. Dersom vi skal leggje oss på Hordaland si linje, inneber det at styringsgruppa vår må utvidast frå 9 til 12 (FrP, MDG, SV). Hordaland har gjennom sitt vedtak utvida frå 15 til 16. Fylkesrådmannen meiner fylkesutvalet vårt må avgjere korleis ein vil handtere dette.

### **Fylkesrådmennene sitt utgreiingsarbeid**

Fylkesrådmannen har så langt innleia eit felles utgreiingsarbeid med fylkesrådmennene i Rogaland og Hordaland med utgangspunkt i klarsignal frå fylkesordføraren. Førebels arbeider fylkesrådmennene med utgangspunkt i ei skisse (utgreiingsdisposisjon) der ein ser nærmere på følgjande hovudpunkt:

- a) Styreform, valordning og politisk representasjon.
- b) Fakta om fylka og fylkeskommunane – samfunnsdata og nøkkeltal.
- c) Organisering og styring av eksisterande fylkeskommunale oppgåveportefølje.
- d) Organisering og styring av nye, regionale oppgåver og ansvarsområde.
- e) Framdrift og formelle avklaringar i – og mellom – fylkeskommunane (prosessplanlegging).

Utgreiinga tek utgangspunkt i fakta knytt til dagens samla oppgåveportefølje og tenesteyting i dei tre fylkeskommunane. Dagens tenestetilbod og struktur vert framstilt etter ein felles mal (tal vidaregåande skular, elevtal/lærlingar, kilometer veg, kollektivtrafikktilbod, passasjertal m.m.), og vi nyttar nøkkeltal frå m.a. KOSTRA. Den faglege og faktabaserte delen vert driven fram av fylkesrådmennene.

Dei delane av utgreiingsarbeidet som vurderer nærmere eit framtidsbilete for dei ulike fagområda innanfor det nye folkevalde regionale nivået, vil i større grad krevje medverknad og deltaking frå politisk styringsgruppe. Her vil ei felles plattform for tenestetilboden og tilbodsstrukturen som landsdelsregionen skal yte overfor innbyggjarane kunne leggjast. Plattforma legg føringar også på utforminga av intensjonsplanen mellom fylkeskommunane. Fylkesrådmannen ønskjer at denne delen vert handsama i dei respektive fylkeskommunane sine politiske styringsgrupper undervegs i utgreiingsarbeidet.

Fylkesordførarane si rolle i høve regionreformarbeidet våren 2016 vil for ein stor del innebere å arbeide mot politisk nivå og Stortinget i høve overføring av nye, viktige samfunnsoppgåver som både er utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.

## Framdrift

Fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland legg etter dei to innleiande drøftingsmøta opp til at dei tre forhandlingsutvala held eit fellesmøte fredag 27.05.16. Dette vil reint praktisk vere kopla opp mot eit møte i Vestlandsrådet (1-dagsmøte 26.05.16). Agendaen for møtet vil m.a. innehalde ein samla gjennomgang av problemstillingane fylkesrådmennene føreslær å drøfte under dei ulike overskriftene/hovudpunkta i intensjonsplanen.

Det vert vidare lagt opp til fylkestingshandsaming av statusrapportering for regionreformarbeidet i juni 2016. Fylkesrådmennene ønskjer at det vert fremja eit felles saksframlegg til fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland på dette tidspunktet. Eit hovudelement i saka vil vere eit felles administrativt framlegg til kva for hovudpunkt som skal inngå i intensjonsplanen (som vedtaka frå Hordaland og Rogaland omtalar som intensjonsavtalen).

Fylkesrådmennene vil i samband med hovudpunkta gjere framlegg om framdrift for forhandlingsarbeidet mellom dei tre forhandlingsutvala (til kva tid bør dei ulike forhandlingspunktene i intensjonsplanen avklarast/forhandlast om).

Forhandlingsutvala startar forhandlingar for konkretisering av ein intensjonsplan mellom dei tre fylkeskommunane etter fylkestingshandsaminga i juni.

På ettersommaren 2016 er det førebels avtalt eit fellesmøte for dei politisk styringsgruppene 23.08.16. Dette vil for vår del vere kopla opp mot møte i eige FU 24.08.

Sjølv intensjonsplanen er det tanken at skal kunne vedtakast i FU og FT i september/oktober, dette med tanke på ev. endeleg vedtak i fylkestinga i desember 2016.

Det må takast atterhald om at det kan bli justeringar.